

Falturiltu fremjar fantasi og fanteri for folk flest

Studentopera, musikkunnsj, utstilling og seminar om fantasi og fanteri. HSH er i aller høgste grad med på årets Falturiltu-festival.

Den årlege [Falturiltu-festivalen](#) rullar i veg denne veka på Stord. Eit rikhaldig program kor nynorsk barne- og ungdomslitteratur og flinke forfattarar kjem ut til eit breitt publikum.

HSH er som alltid med – med fleire programpostar – og både tilsette og studentar.

Studentopera fyrst:

- Årets opera handlar i hovudsak om Dina og mor hennar, som er skammar. Ein skammar er ein person som kan sjå din skam ved å sjå deg i augo, og vert på grunn av dette henta inn dersom det er usikkerheit om ein persons skuld ved eit lovbrøt.

- Dina oppdagar at ho og har denne evna, og operaen tar for seg hendingar frå Dina sitt liv etter at ho oppdagar evna si, fortel lærarstudent og operasjef Markus Oliver Kydland.

Å skipa studentopera er eit stort prosjekt på tvers av studieretningar.

- Me byrja å lese boka "Skammarens Dotter" før studieveka. Då me var tilbake på skulen, byrja me i fellesskap å velje ut viktige karakterar og scener frå denne boka. Me var samla studentar frå årseining musikk, faglærarutdanning i musikk og årseining i kunst og handverk.



Så vart det jobba fram scenografi, kostyme og musikk.

- Alle har jobba hardt og godt denne perioden, og me ligg godt an tidsmessig. Eg vil skryte over studentane og ikkje minst av lærarane Frode Hammersland og Kirsti Aksnes. Dei har leia oss godt gjennom denne perioden så langt.



Det vert tre framsyningar denne veka.

- Premieren er onsdag 5. november kl. 18.30 i aulaen på Rommetveit. Billettprisen er kroner 50,-. Dagen etter kjem det skuleklassar for å sjå operaen klokka 10, medan det klokka 13 vert ei gratis framsyning for studentar og tilsette ved HSH, seier operasjef Kydland.

Musikkklunsj:

Onsdag 5. november byr musikkstudentar på HSH på ei god stund i kantina. Dei framfører nye melodiar til tekstar av forfattar Stein Versto. Det vert og opplesing ved Per Olav Kaldestad.

Seminar:

Torsdag 6. november er HSH arena for det årlege seminaret ; i år med fantasi og fanteri som overskrift. Eit spennande program med forfattarane Lars Mæhle, Erna Osland, Mari Moen Holsve og Tor Arve Røssland på menyen. Seminarleiar er Per Olav Kaldestad.

Utstilling

Studentar på årseining i kunst og handverk stiller ut plakatar denne veka på HSH.

*Publisert: 03/11-2014, kl. 14:15
Ant. ganger lest: 467*